

Årsmøte 2024.

Møtestad: Idrettshuset

Tid: Onsdag 17.juni 2025 Kl. 19.00

Sakliste årsmøtet:

- Godkjenning av frammøtte representantar og fastsetjing av stemmetal.
- Godkjenning av innkalling og sakliste.
- Val av møteleiar, referent og 2 representantar til å underskrive protokollen.
- Årsmelding for 2024
- Rekneskap for 2024
- Rekneskap for Edv.B.Hegboms Minnefond pr. 31/12-2024
- Fordelingsnøklar av LAM-midler
- Handlingsplan for VIR
- Val av styre for VIR
- Val av valkommite

Olav Farestveit

leiar

Årsmøteprotokoll for 2024

Dato: 17.06.2025

Tid: 19-20

Stad: Idrettshuset

1) Godkjenning av frammøtte representantar og fastsetting av stemmetal.

Godkjent

2) Godkjenning av innkalling av sakliste.

Sakliste og innkalling vart godkjent.

3) Val av møteleiar, referent, og 2 representantar til å underskrive protokollen

Olav Farestveit blei vald som møteleiar, referent vart **Hege Toje** og årsmøteprotokoll skal underskrivast av **Sofie Torlei Olsen** (Voss IL) og **Randi Skjeldal** (Bulken IL).

4) Årsmelding 2024

Årsmøtet gjekk gjennom årsmeldinga og årsmeldinga vart godkjent med nokre få tilføyningar.

5) VIR rekneskap 2024 og rekneskapen for Edvard B. Heggoms minnefond

VIR har sunn økonomi og har fått styrka eigenkapital dette året på grunn av innskudd i Edvard B Heggoms minnefond. Rekneskapen vart godkjend.

6) Kontrollutvalet. Kontrollutvalet har gjennomgått rekneskap og protokollar. Dei godkjende rekneskapen for 2024.

7) Fordelingsnøklar av LAM-midler. VIR har foreslått ny fordelingsnøkkel der ungdom får meir enn born. VIR sitt forslag til ny fordelingsnøkkel vart vedteken.

1. Inntil 5% til aktivitet i regi av Voss Idrettsråd
2. Idrettsskule vert honorert med maksimalt kr 35 000 kr og dei andre får i høve til storleiken på idrettsskulen
3. Para-utøvarer får 3300 kr pr medlem (6-19 år)
4. Resten vert fordelt etter antal medlemmer i aldersgruppa 6-12 år med $\frac{1}{3}$ og 13-19 år $\frac{2}{3}$
5. Mjølfjell skilag for 1000 kr og Voss fallskjermklubb for 50% av medlemstilskotet
6. Alle aktive lag får minimum 1000 kr

Voss Idrettsrådsråd tilråd at punkt 4 blir justert slik at $\frac{2}{3}$ går til ungdoms-medlemmer og $\frac{1}{3}$ går til born

8) Handlingsplan for VIR 2025

Forslag til nye punkt i handlingsplanen:

- Oppdatere samarbeidsavtale med Voss herad.
- Arbeide for ei vidareføring av prøveordninga av gratis treningstid for born og unge (ei prøveordning på 2 år).

9) Val av styre for VIR

Olav Farestveit leiar (attval 1 år)
Erik Flage, nestleiar (ikkje på val)
Isak Hommedal, Eldar IL (val på to år)
Wenche Håvik IL Ørnar (ikkje på val)
Karethe Hoft Solstad, Voss freestyleklubb (val på to år).

Olav Farestveit blei attvald som leiar i VIR for 1 år. Erik Flage blei vald som nestleiar. Dei andre posisjonane vil fordelast på første styremøte.

Varamedlem: Cecilie Remme (1 år) Viljar IL

FBK Voss var positiv til å stille ein representant etter deira årsmøte.

Kontrollkomité

Steinar Røthe (for 2 år)
Martin Hindenes (1 år att)

10) Val av Valnemnd

Styret vil arbeide med å få på plass ei valnemnd i løpet av hausten

Dato og signatur

26.06.2025

08.07.25

Sofie Torlei Olsen

Randi Skjeldal

Sofie Torlei Olsen

Randi Skjeldal

Årsmelding for Voss Idrottsråd 2024 (1.5.24-1.5.25)

Årsmøtet for 2022 vart avvikla 5.juni 2024 på Idretthuset med val av nytt styre og funksjonstid.

Leiar	Olav Farestveit	Voss IL	1 år (2024)
Nestleiar	Erik Flage	Bulken IL	2 år (2024)
Styremedlem	Hege Toje	Voss Håndballkubb	1 år (2024)
Kasserar	Trond Syversen	FBK. Voss	1 år (2024)
Styremedlem	Wenche Håvik	Ørnar	2 år (2024)
Styremedlem	Atle Seim	Granvin IL	2 år (2023)

Styret har konstituert seg sjølv unnateke leiar og nestleiar.

Vara-medlemmer har møtt

Isak Hommedal	1 år (2024)
Cecilie Remme	2 år (2024)

Kontrollutval

Martin Hindenes	Viljar	2 år
Steinar Røthe	Voss	2 år

Styret har fordelt nokre arbeidsoppgåver slik:

- Leiar har delteke i møter i Brukarrådet for Voss Idrottsplass.
- Trond Syversen har vore kasserar.
- Hege Toje har vore sekretær
- Styret har delegert mynde til leiaren for å handsama fortløpande saker som er referert til heile styret via e-post.

Arbeidet i Styret.

Styret har i løpet av perioden avhalde 7 styremøter forutan årsmøtet
Voss herad sin idretts- og friluftskoordinator har vore invitert og delteke på styremøtene.

Olav Farestveit, Erik Flage og Hege Toje har vore med i styret i Idrettens Olympiade.

Me har nytta Voss IL sitt møterom i det nye idrettshuset. Dette har fungert godt og Voss Idrettsråd har etablert ein leigeavtale med Voss IL om å nytte dette møterommet for vår aktivitet.

Medlemsmasse i VIR

Det er i alt 31 aktive lag (47 registrerte) som samla utgjør Voss Idrottsråd, og som alle er tilslutta Norges Idrettsforbund og Vestland Idrettskrets. Nye lag er Voss Bowlingklubb Voss Folkehøgskule luftsportslag.

Vi reknar med at det i laga er til saman 9203 medlemmer (oppgang frå 8597) medlemskap innan Voss herad, noko som tilsvarar ca. 51 % av folkesetnaden. Det er nokre store lag som t.d Voss Fallskjermklubb og Voss Golfklubb som har mange medlemmer som ikkje er busette på Voss. Mange lag har ikkje registrert noko i idrettsregistreringa, nokre har registrert færre medlemmer, med nokre lag har registrert auke.

Kontingent for medlemskap i VIR

Me har ikkje kravd inn medlemskap for 2024 då den økonomisk situasjonen i idrettsrådet er god. Me gjorde vedtak på årsmøtet (jamfør nye retningslinjer ved tildeling av LAM (lokale aktivitetsmidlar) om å behalda inntil 5% prosent i idrettsrådet

IT-løysing

Heimesida er framleis på Idrettsforbundet sine sider. Me har også etablert ein Spondgruppe

Voss Idrottsråd har framleis ei Teams-løysing med post@vossidrottsraad.com som eigar og eine-medlem. Dette betyr at domene vossidrottsraad.com og e-postbrukar er flytta over til Microsoft. Styret i idrettsrådet er gjester (med sine e-post-adresser) til dette Teamet og kan oppdatere dokumenter og delta på møter.

Aktuelle saker som har engasjert styret i VIR i 2024

- **Medaljebygda Voss.**

Dette er eit prosjekt med utgangspunkt frå Hardanger og Voss Næringshage. Her har idrettsrådet jobba saman med Næringshagen, Voss herad, Voss Sentrum, Folkemuseet på Mølster, Bård Mossige og Per Finne i eit detaljprosjekt for å avklare innhald og design på korleis me kan heidra dei mange medaljevinnarane våre på ski (20 stk med 99 medaljar frå VM og OL).

Prosjektet har fått 250 000 kr til eit forprosjekt frå Agenda Vestlandet. Detaljprosjektet er avslutta og det er avklart at dette blir vidareført i regi av Voss idrettsråd og at Michal Knussel som prosjektleiar

- **Reduserte kostnader for born og unge**

Voss idrettsråd har også tildelt inkluderings-midlar til laga ved to høve siste året. Dette er basert på retningslinjer frå idrettsforbundet og mottekne søknader frå laga

I September 2024 tildelte vi 274 870 kr

Voss Bokseklubb	11 802
Voss Bordtennisklubb	5 403
Voss Elveklubb	7 854
Voss skiskyttarlag	11 557
Granvin il	12 012

Bulken il	11 467
Il Viljar	12 518
Il Ørnar	22 080
Hardanger Handbak	14 135
FBK Voss	49 626
Voss Håndballklubb	20 522
Il Eldar	26 187
Voss il turn+Volleyball	69 706

I april 2025 tildelte vi til saman 206 152 kr

Lag	Tildeling
Voss il alpint	10 000
Voss il Friidrett	17 000
Voss il Volleyball	10 000
Voss il Basketball	20 000
Voss il turn	15 000
FBK Voss	40 000
Voss Elveklubb	24 152
Voss bordtennisklubb	10 000
Voss klatrelag	10 000
Hardanger Handbak	10 000
Voss skiskytterlag	40 000

Voss idrottsråd tildelte også aktivitetsmidlar i desember basert på søknader ved særskilt vekt på.

- Ny oppretta lag
- Nytenking
- Forbetring av tilbod og nyetablering
- Bygge bru mellom aldersgrupper
- Samarbeid på tvers av idrettslag
- Følgande lag vart innstilt til støtte.

Idrettslags.	Beskrivelse	Tildelt sum VIR
Bulken il	App for å registrera turar	7 500
Voss Bortennisklubb	Open dag	15 800
Voss skiskytterlag	Samarbeid med Eldar og VSSL+	20 000
Björgum il	open dag	20 000
Björgum il	Potten opp	20 000
Voss klatrelag	2 .pri utandør klatring på Staup	10 000
	Totalt	73 300

- **Sentralidrettsanlegget.**

Realisering av reguleringsplanen for sentralidrettsanlegget har vore viktig i arbeidet til VIR. Sentralt i planen er dei to torga idrettstorg og aktivitetstorg, ny idrettsfløy ved Voss ungdomskule og det nye idrettshuset. Mykje av planen er no realisert. Det nye aktivitetstorget er blitt svært populært og mykje brukt. Nytt servicebygg og gjenopning av utebassenget vert ferdig no i vår

- **Bømoen.** Vir sende kommentarer til framlegget på reguleringsplan for Bømoen

- **Endra skulestruktur toppidrett på Voss Gymnas.** Her deltok VIR på møter og sendte kommentar til Vestland Fylkeskommune om framlegget

- **Idrettens olympiade A/S**

Etter konklusjonane i Idrettsstyre til Norges idrettsforbund i mai 2023 om at idretten i Norge ikkje ynskjer å arbeida for eit OL/PL i Norge på kort sikt, har Bergen idrettsråd og Vestland idrettskrets trekt seg ut "Idrettens Olympiade AS". Styret Voss idrettsråd har beslutta å verta eine-eigar av selskapet. Det er framleis betydelege midlar i selskapet og det er utarbeida ein ny strategi for korleis vi vil arbeida dei neste åra for å fremja denne saka i Norge. Me brukar Hilde Magnusson Seniorrådgiver i Agenda Rådgivning. I tillegg av me fått utarbeid ein rapport i bærekraft i OL-samanheng utført av eit selskap som heiter Terravera

Årsresultatet ver kr -468 000. og eigenkapitalen er på 544 000

- **Temakveldar**

- 24. mars Vossmodellen Korleis kan laga på Voss samarbeida for å redusera administrasjon og bruka mest mogeleg tid til aktivitet
 - Øke kontingenten?
 - Større turneringer? (men det krever tid og ressurser)
 - Samarbeidsprosjekt der idrettslagene får hjelp til å støtte administrasjonen.
 - Tettare samarbeid mellom alle idrettslaga på Voss, lettare viss fleiridrettslaga er sterkare.

Isak Hommedal, Inge Hommedal og Birgitte Horn utformer eit spørreskjema.

Kartlegging og ei tilråding anbefaling som eventuelt kan brukes til å skaffe sponsormidlar for å jobbe vidare med dette

- 25 mars Møte Aida Husic Dalen på Voss Bordtennisklubb sine lokaler foredrag i idretthuset der Aida fortalte om sin toppidrettskarriere og rolla som rådgjevar for paraidrett i Vestland idrettskrets.
- VIR har delteke i styrekurs i april og oktober i samarbeid med frivillighetssentralen

Samarbeid med Voss Herad- Frivillighetsforum.

VIR med leiar deltatt i to møter med politisk- og administrativ leing i for Herad som kultur-rådet.

Frå 1.januar 2025 er det tilsett i Avdeling for kultur og fritid ein frivilligkoordinator. Denne rolla går ut på å sikra god dialog mellom kommunen og frivilligheita.

Om LAM-midler

Norges Idrettsforbund har også i år gjeve tilskot til alle laga som er registrert i NIF.

I 2024 vart laga i Voss kommune tildelt kr. 1 497 542,00

kr .

Pengane vart fordelt etter fordelingsnøkkel vedtatt på siste årsmøte i

1. Inntil 5% til aktivitet i regi av Voss Idrettsråd
2. Idrettsskule vert honorert med maksimalt kr 35 000 kr og dei andre får i høve til storleiken på idrettsskulen
3. Para-utøvarer får 3300 kr pr medlem (6-19 år)
4. Resten vert fordelt etter antal medlemmer i aldersgruppa 6-12 år og 13-19 år,
5. Mjølfjell skilag for 1000 kr og Voss fallskjermklubb for 50% av medlemstilskotet
6. Alle aktive lag får minimum 1000 kr

Voss Idrettsrådsråd tilråd at punkt 4 blir justert slik at $\frac{2}{3}$ går til ungdoms-medlemmer og $\frac{1}{3}$ går til born

Nye anlegg.

- Voss IL og Il Ørnar har arbeidd med oppgradering av løyper og snøproduksjonsanlegg i Bavallen
- Voss Il oppgraderer tennisbanar
- Bavallsbakken a/s arbeider med oppdragering av hoppbakken.
- Voss Ski- og tursenter oppgraderer skytebanen og utvider snøproduksjonsanlegget
- Voss Skyttarlag føretekk store oppgraderingar på Skjerve skytebane
- Voss Hang- og paragliderklubb byggjer Luftsportsanlegg på Hanguren
- Oppgtadering av skileikanlegg ved Framnedbakken
- Oppgradering av fotballbaner i sentral-idrettanlegget

Om spelemidlar.

Det er totalt 27 søknadar for ordinære anlegg og 8 søknadar for nærmiljøanlegg for tildelinga i 2025 for Voss herad. Total søknadssum er omlag 31 millionar, fordelt på 28millioner på ordinære anlegg og 3 millioner .. Prinsippa for prioritering av spelemidlar er innarbeidd over fleire år og det er pr. no ingen grunn til å gjera endringar i ordninga.

Nærmiljøanlegga vil få tildelt midlar anten fyrste eller andre året dei søker, medan ordinære anlegg kan måtte venta i 5 år.

VIR har påpeika at det årleg må løyvast ca 15 mill kr. til anlegg i Voss dersom alle anlegga skal få sine midlar i løpet av ein 4-5 års- periode.

Ref avgjerd i Heradstyre desember 2023 vurderer heradet om dei skal forskottere renter for anleggsutbyggarane i denne ventetida. Denne saka er ikkje kome noko vidare med

Vedlikehald av idrettsanlegg.

Laga og anleggseigarar har ei viktig oppgåve med å halde ved like dei ulike anlegga i kommunen.

Voss herad fekk inn 16 søknader. Nokre av søknadane fekk tildeling i november 2024. VIR drøfta søknadane i forhold til behov og kven som tidlegare hadde fått midlar og vart einige om tildelinga nedanfor.

Totalt kom det inn 6 søknader på ca 475 000 for 2024

Søkjjar	Tiltak	Søknadssum	Tildelt stønad
Bulken IL	Reparasjon av ljosanlegg	35 000	35 000
Voss IL	Skuterutgifter	18 679	18 679
VSOT	Vedlikehald veg	150 000	50 000
Voss skyttarlag	Nye skyteskiver	100 000	36 321
Voss fotball AS	Generell drift og vedlikehald	75 000	50 000
IL Viljar	Generell drift og vedlikehald	50 000	35 000
Voss skiskyttarlag	Oppgradering for lagring av våpen	36 178	35 000
Bavallsbakken AS	Rekkverk, sikring	68 000	20 000
IL Eldar, Framnesbakken	Oppgradering av anlegg	32 000	20 000
			300 000

Edvard B.Hegboms minnefond.

For 2024 vart det etter framlegg frå laga delt ut heiderspris i samband med 17. mai feiring til Elin Klette Viljar . Fondet vart styrka i med at sønene til Edv B Hegbom gjekk inn med tilsaman 100 000 kr

Highland-Staupet og Idrettsstipend

VIR fremja også i år kandidat til Highland-staupet som er ei utmerking for beste prestasjon innan vinteridretten siste sesong.

VIR fremja også kandidat til idrettsstipend . Tilrådingane våre vart følgde

Rekneskap

Voss Idrottsråd					
Resultatregnskap					
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER		2024		2023	
Driftsinntekter					
Sponsor- og salgsinntekter			kr		-
Offentlige tilskudd	kr	143 478,00	kr	146 634,00	
Andre inntekter	kr	100 000,00	kr	-	
Sum driftsinntekter	kr	243 478,00	kr	146 634,00	
Driftskostnader					
Varekostnad	kr	-	kr	-	
Lønns- og personalkostnader	kr	15 000,00	kr	20 000,00	
Avskrivninger	kr	-	kr	-	
Andre driftskostnader	kr	107 371,20	kr	23 659,47	
Sum driftskostnader	kr	122 371,20	kr	43 659,47	
Driftsresultat	kr	121 106,80	kr	102 974,53	
Finansposter					
Finansinntekter	kr	9 174,00	kr	2 192,00	
Finanskostnader	kr	-	kr	-	
Sum finansposter	kr	9 174,00	kr	2 192,00	
ÅRSRESULTAT	kr	130 280,80	kr	105 166,53	
Disponering av årets resultat					
Fra egenkapital	kr	-	kr	-	
Avsatt til annen egenkapital	kr	130 280,80	kr	105 166,53	
Sum disponering	kr	130 280,80	kr	105 166,53	
Voss					
Erik Flage Nestleiar		Hege Toje Styremedlem		Olav Farestveit Styreleiar	
Atle Seim Styremedlem		Trond Syversen Styremedlem		Wenche Håvik Styremedlem	

Rekneskapen er oppgjort med kr 130 280,80

Voss Idrottsråd

Balanse

EIENDELER		2024		2023
Sum varige driftsmidler	kr	-	kr	-
Sum finansielle anleggsmidler	kr	-	kr	-
Sum anleggsmidler	kr	-	kr	-
Sum varelager	kr	-	kr	-
Fordringer				
Kundefordringer	kr	-	kr	-
Andre kortsiktige fordringer	kr	-	kr	-
Sum fordringer	kr	-	kr	-
Bankinnskudd, kontanter o.l.	kr	608 498,53	kr	474 717,73
Sum omløpsmidler	kr	608 498,53	kr	474 717,73
SUM EIENDELER	kr	608 498,53	kr	474 717,73
EGENKAPITAL OG GJELD				
Sum egenkapital med selvpålagte restriksjoner	kr	-	kr	-
Annen egenkapital				
Egenkapital (IB 1/1)	kr	474 717,73	kr	369 551,20
Årsresultat	kr	130 280,80	kr	105 166,53
Sum annen egenkapital	kr	604 998,53	kr	474 717,73
Sum egenkapital	kr	604 998,53	kr	474 717,73
Sum gjeld	kr	3 500,00	kr	-
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	kr	608 498,53	kr	474 717,73

Voss _____

Erik Flage
Nestleiar

Olav Farestveit
Styreleiar

Hege Toje
Styremedlem

Atle Seim
Styremedlem

Wenche Håvik
Styremedlem

Trond Syversen
Styremedlem

Kontrollutval

Idrettsrådet sin funksjon.

Idrettsrådet sin funksjon og arbeidsoppgåver er nedfelt i Lova og ein av dei primære funksjonane er å vere talerøyr for alle laga i VIR. Idrettsrådet skal hjelpe til med råd og rettleiing og vere bindeledd mellom lagslivet og heradet.

Dette har som føresetnad at laga nyttar seg av dette. Det er og viktig at laga viser engasjement i høve til VIR si rolle i lokalsamfunnet.

Her vonar noverande styre at engasjementet for VIR vil auke ytterlegare.

Det å ha styreverv i VIR medfører personleg engasjement og krev at ein er tilstade både i styremøte og i andre samanhengar. Styremedlemene må i tillegg bidra i dei arbeidsoppgåvene som er tillagt styrefunksjonen.

På basis av årsmøtevedtak er det utbetalt eit beløp på 15.000 kr. som godtgjersle for dette engasjementet. Pengane vert fordelt i høve til arbeidsmengde. Styret tilrår at dette held fram.

Kontrollutvalet i Voss Idrottsråd si beretning for 2024

Kontrollutvalet har utført følgende oppgaver:

Kontrollutvalet har gjennomført to møter i denne perioden. Utvalet har søkt opp nødvendige protokollar på nettsida til Idrottsrådet som grunnlag for vårt arbeid. Rekneskap og balanse er mottatt fra rekneskapsfører.

Det er ynskjeleg at protokollar frå styremøte vert sendt direkte til kontrollutvalet.

Uttale om årsrekneskapen

Utvalet har gått gjennom og kontrollert resultatrekneskapen, balanse samt enkelte stikkprøver på billagsnivå.

Årsrekneskapen for 2024 syner eit overskot på kr.130 280,80

Balansen viser Voss Idrottsråd sine verdier, og balanseverdier er kontrollert mot underliggjande dokumentasjon.

Samla egenkapital viser ved utgangen av 2024 kr. 604 988,53

Andre aktuelle forhold

Kontrollutvalet meiner at organisasjonen vert drive i samsvar med organisasjonen sitt regelverk.

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen syner eit korrekt resultat, og balanse, og rekneskapen kan godkjennast.

Kontrollutvalet har ingen merknader til rekneskapen for 2024

Voss 30.mai 2025

Martin Hindenes

Steinar Røthe

Busjett Voss Idretttråd 2025

Tekst	Inntekt	Utgift
Tilskott Voss Herad	70 000	
Renter	200	
LAM	70 000	
Utgifter		
Diverse utgifter		10 000
Reiser		10 000
Arrangement		15 000
Trenerstøtte , støtte til lag		100 000
Styrhonorar		15 000
Oppgradere heimeside		5 000
Sum	140 200	155 000
Underskudd		- 14 800

Handlingsplan 2025.

1. Utvikla samarbeidet med Voss herad i samsvar **samarbeid med Voss Herad-Frivillighetsforum og oppdatere “samarbeidsavtalen”**
2. Arbeida for å fremja likestilling, inkludering og bærekraft innan idrett.
3. VIR skal aktivt arbeide for idretten opp mot Voss herad for å sikre interessene og rammevilkåra til idrettslaga.
4. Arbeida for at prøveordninga med gratis hall-leige for born og ungdom blir vidareført
5. Arbeida med utvikling av eit idrettsmuseum på Voss
6. Arbeide for at Voss herad gjennom budsjetthandsaming gjev drift- og vedlikehaldsmidlar til både sommar og vinteranlegg i tråd med kostnadsutviklinga.
7. Samarbeida med alle laga i VIR herunder utvikla kommunikasjon- og informasjonsarbeid der Vestland idrettskrets er ein viktig organisatorisk medspelar (Kfr Lova for VIR). Vurdere om me skal etablere ein «aktivitetsdag» for idrettslaga i heradet.
8. Styrka kontakten med laga. Hjelpa til med omsyn til støtte til anlegg og drift. Hjelpa til med tilråding av medlemssystem og økonomisystem
9. Støtta arbeidet i «Idrettens Olympiade a/s» om eit framtidig Vinter Paralympisk og OL på Vestlandet.
10. Delta på konferansar og møter i regi av Vestland Idrettskrets.
11. Arbeida for friluftsiinteressene i Voss herad med gode stiar og løyper
12. Arbeide for å utvikle og støtte eigenorganiserte lågterskeltilbod.
13. Styrka samarbeid med politisk leiing i Voss Herad.